



Byggmester Steinar Thunold AS
Sollsmittet 2
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/324 - 16/34203

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
14.12.2016

Mellombels bruksløyve for einebustad - gbnr 102/83 Vabø

Administrativt vedtak. Saknr: 598/16

Tiltakshavar: Øystein Kvamme

Ansvarleg søkjar: Byggmester Steinar Thunold AS

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 30.07.2014 med endring i løyve datert 12.12.2016. Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.

Følgjande dokumentasjon må sendast inn:

1. Serviceavtale for minireinseanlegg
2. Dokumentasjon på at avkjørsla oppfyller krav frå teknisk drift.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket:

Tiltakshavar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 28.02.2017

Det vert elles vist til søknad om ferdigattest motteken 06.12.2016 og endra til søknad om mellombels bruksløyve ved e-post frå tiltakshavar 13.12.2016.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Vabøvegen 193
Bygningstiltak:	Einebustad nybygg
Bygningsnummer:	300567748
Bruksareal:	300
Avløp:	Privat (minireinseanlegg)y
Vatn:	Privat (borehol)
Tal på røykløp:	1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for einebustad på gbnr gbnr 102/83/på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld fylgjande del av tiltaket: Heile tiltaket**
- 2. Ferdigattest skal liggje føre innan 28.02.2017.**

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/324

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Øystein Kvamme

Vabøvegen 193 5955

LINDÅS

Mottakarar:

Byggmester Steinar Thunold AS

Sollsmittet 2 5136

MJØLKERÅEN